



DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansar, jf. vedlegg

Dykkar ref

Vår ref  
200801132- /CW

Dato

**Høyring – forslag til ny forskrift om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar**

Fiskeri- og kystdepartementet gjer i dette høyringsbrevet framlegg om ny forskrift om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar (ny råfiskforskrift). Forskrifta skal erstatte forskrift 29. juni 1990 nr. 485 om førstehåndsomsetningen av råfisk (råfiskforskrifta). Vi foreslår også enkelte mindre endringar i forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn som ei følgje av forslaget til ny råfiskforskrift.

**Høyringsfristen er 3. desember 2009.**

Høyringsforslaget byggjer på ein gjennomgang og vurdering av heile råfiskforskrifta frå departementet si side. Det har vore ei målsetting å forenkle forskrifta og gjere ho meir tilgjengelig, samtidig som det er meininga at ho eintydig og uttømmende skal regulere i kva for tilfelle omsetning av viltlevande marine ressursar skal skje gjennom eller med godkjenning av eitt fiskesalslag.

Hovudsaka i høyringa er eit forslag om å utvide det saklege verkeområdet til fiskesalslaga sin einerett til omsetning i første hand av råfisk (omsetningsmonopolet til salslaga). Forslaget inneber ei spegelvending av forskrifta: Medan forskrifta i dag listar opp alle fiskeslag som er omfatta av eineretten, foreslår vi at ny forskrift har som utgangspunkt at alle viltlevande marine ressursar er omfatta av eineretten med mindre det er gjort eksplisitt unntak i forskrifta.

## **Bakgrunn for høyringsframlegget – behov for endringar**

Bakgrunnen for gjennomgangen av råfiskforskrifta er endringa som skjedde i råfisklova 6. juni 2008 og som tredde i kraft 1. januar 2009. Med denne endringa fekk Kongen heimel til å utvide lova sitt saklege verkeområde til å gjelde alle viltlevande marine ressursar, jf. råfisklova § 1 tredje ledd. Tidlegare gjaldt lova direkte berre for fisk og skaldyr, medan Kongen hadde fullmakt til å gjere henne gjeldande for småkval og blekksprut.

Endringa må sjåast i samanheng med at den nye havressurslova vart vedteken samtidig og gjort gjeldande for alle viltlevande marine ressursar, med unntak for anadrome laksefiskar. Tilsvarande utviding vart gjort i deltakarlova. Unntaket for anadrome laksefiskar gjeld berre for havressurslova.

Endringa i råfisklova er grunngjeven slik i Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova):

”Råfisklova gjeld for fisk til liks med saltvassfiskelova. Det går fram av forskrift 29. juni 1990 om førstehandsomsetjing av råfisk (råfiskforskrifta) kva artar salslaga har eineretten til å omsette. Etter kvart som andre viltlevande marine ressursar vert utnytta kommersielt, meiner departementet det er tenleg om råfisklova også skal gjelde for andre viltlevande marine ressursar enn fisk. Det kan mellom anna vere tenleg av omsyn til ressurskontrollen, der salslaga i dag har ein viktig funksjon, jf. kapittel 8.1.9. Departementet gjer difor framlegg ei ny føresegn i § 1 tredje ledd som seier at Kongen kan bestemme at råfisklova også skal gjelde for andre viltlevande marine ressursar.”

Endringa i råfisklova medførte ingen umiddelbare endringar i det saklege verkeområdet til omsetningsmonopolet til salslaga, fordi ein ikkje samtidig gjorde tilsvarande endringar i råfiskforskrifta som inneheld dei relevante materielle føresegnene. Det er på denne bakgrunn behov for ein gjennomgang og vurdering av heile det saklege verkeområdet til omsetningsmonopolet.

### **Salslagssystemet - gjeldande rett**

Lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk (råfisklova) regulerer omsetninga i første hand av fisk og andre viltlevande marine ressursar. Lova gir Kongen fullmakt til å fastsetje at det skal vere forbode å tilverke, omsetje eller utføre råfisk og andre viltlevande marine ressursar eller produkt derav dersom ressursen ikkje i første hand er omsett gjennom eller med godkjenning av eit salslag. Dette gjeld uansett kvar ressursen er fanga. Forbodet kan dessutan gjerast gjeldande for fisk bringa i land av utanlandske fiskefartøy, uansett om fangsten tidlegare er omsett eller ikkje.

Kongen har i råfiskforskrifta fastsett slikt forbod mot tilverknad, omsetjing og utførsel for ei rekkje fiskeslag, forutan alle krepsdyr, blautdyr og småkval. Det er dette forbodet som inneber at salslaga har einerett (monopol) til omsetning i første hand av dei aktuelle artane.

Råfisklova kom i stand etter at det på 1930-talet hadde vore ein periode med store svingingar i fiskeprisane, og fiskarane ble taparar i ein marknad der kjøparane hadde stor makt. Allereie i 1929 vart det etablert eit visst lovvern for omsetning av sild. Torskesektoren følgde etter i 1938 da det vart etablert ei førebels råfisklov, og Norges Råfisklag vart stifta. I 1951 vart lova permanent. Råfisklova har såleis vore ein viktig del av grunnlaget for den stabile utviklinga i omsetninga av fisk i første hand.

Formålet med råfisklova går ikkje direkte fram av lova sjølve, men det følgjer av forarbeida at ho skal sikre meir stabile høve rundt førstehandsomsetninga både for fiskarane og omsetningsledda (tilverkarar og eksportørar), jf. Ot.prp. nr. 63 (1951) Om lov om omsetning av råfisk s. 1-2. Dette skjer ved at fisk mv. vert omsett i første hand gjennom eit salslag som departementet godkjenner. Godkjenning skjer i praksis ved at departementet godkjenner vedtektene.

Salslaga har kompetanse til å fastsetje forretningsreglar som utfyller dei generelle salsvilkåra, og til å regulere fisket av omsyn til avtaket. Salslaget kan vidare dirigere fangstane til andre landingsstader dersom dette er nødvendig for å sikre ei rasjonell omsetning av fangsten i høve til tilgjengeleg landingskapasitet. Salslaga har såleis gjennom råfisklova vide fullmakter til å regulere omsetninga av råfisk i første hand. Framforhandling og fastsetting av minstepris og andre prisføresenger for dei enkelte fiskeslaga, og kontroll av at disse vert overhalde, inngår også i fullmaktene. Systemet legg til rette for at fiskarar og fiskekjøparar kan få felles sals- og oppgjersvilkår.

Gjennom si rolle i omsetninga i første hand, mottek salslaga særskild viktig informasjon om bestandsuttak. Denne informasjonen har etter kvart vorte uunnverleg for forvaltninga i arbeidet med kartlegging av bestandar og ressurskontroll. Salslaga har også ein funksjon i samband med sporing, og reguleringar som skal tilpasse fangst til mottakskapasitet. Dei kjem vidare til å spele ei sentral rolle i samband med implementeringa av EUs nye forordning om IUU-fiske, ved at dei vil få ansvar for utsteding av fangstsertifikat.

### **Nærare om verkeområdet til omsetningsmonopolet**

#### *Sakleg verkeområde*

Det saklege verkeområdet til omsetningsmonopolet går fram av råfiskforskrifta § 1 ved at dei artane som er omfatta er lista opp.

Monopolet omfattar for det første alle dei fiskeslaga som er lista opp i føresegna. I praksis er alle dei viktigaste fiskeartane av kommersiell verdi i Noreg omfatta. Ein kan likevel merke seg at anadrome laksefiskar er unnatekne. Lista har vore utvida fleire gonger med nye fiskeslag og omfattar i dag også ei rekkje fiskeslag av liten kommersiell verdi i Noreg.

I tillegg til desse fiskeslaga omfattar monopolet krepsdyr (*Crustacea*), blautdyr (*Mollusca*) og småkval. Inndelinga i krepsdyr og blautdyr i forskrifta er noko ulik

inndelinga i lova, som nemner skaldyr og blekksprut, forutan fisk og småkval. Skaldyr er her ei meir uformell nemning på krepssdyr og blautdyr med skal, medan blekksprut er det mest relevante blautdyret utan skal. Såleis er til dømes kril, raudåte, reke, hummar, krabbe, sjøkreps, kongekrabbe, sniglar, blekksprut og muslingar (skjel) omfatta. Derimot fell følgjande utanfor omsetningsmonopolet: såkalla nesledyr (*Cnidaria*) som koralldyr, kubemaneter, småmaneter og stormaneter (som brennmaneter og glasmaneter), og pigghuder (*Echinodermata*) som kråkeballar, sjøstjerner, sjøpiggsvin og sjøpølser, forutan lobemaneter.

Når det gjeld sjøpattedyr er berre småkval omfatta. Omgrepet småkval omfattar i denne samanheng vågekval, som for tida er den einaste kvalarten som vert hausta av norske fartøy. Sel er derimot ikkje omfatta.

Vidare er ingen artar som ikkje tilhøyrer dyreriket omfatta av omsetningsmonopolet. Dette gjeld til dømes ulike algar og bakteriar. Blant desse artane finn vi stortare som i Noreg tradisjonelt vert hausta med fartøy, og som har ein monaleg verdi for haustarane.

Ein bør også merke seg at forbodet mot tilverknad, omsetning og utførsel, også gjeld for delar og biprodukt av ressursen som er hausta. Dette inneber til dømes at rogn, lever og fiskehovud kan vere omfatta av monopolet.

Forbodet mot tilverknad, omsetning og utførsel gjeld ikkje for kunstig klekka fisk. Dette inneber at oppdrettsfisk ikkje er omfatta med mindre han er hausta i vill tilstand før han har vorte gjenstand for akvakultur, til dømes levandelagring, jf. forskrifta § 1 nest siste ledd.

Omsetningsmonopolet gjeld berre når fisken mv. er hausta i sjøen (saltvatn), med unntak av europeisk ål kor både fangst i ferskvatn og saltvatn er relevant. Dette følgjer av forskrifta § 1 fjerde ledd og omtala av ål i § 2. Europeisk ål er den einaste arten som er omfatta av monopolet der både fangst i ferskvatn og saltvatn er praktisk, jf. at anadrome laksefiskar som laks og aure ikkje er med på lista i gjeldande forskrift.

#### *Stadleg og personelt verkeområde*

Det stadlege og personelle verkeområdet til omsetningsmonopolet er ikkje direkte definert i lov eller forskrift slik som det saklege verkeområdet, men det følgjer i stor grad indirekte av føresegnene.

I utgangspunktet gjeld omsetningsmonopolet all hausting i sjøen føreteke av norske fartøy, utan omsyn til kvar haustinga har vorte føreteke og kvar fangsten skal leverast, anten han vert levert i Noreg, i eit anna land, eller til eit anna fartøy på sjøen, norsk eller ikkje norsk.

Vidare omfattar omsetningsmonopolet all fangst/råfisk som vert bringa i land i Noreg frå utanlandsk fartøy, uavhengig av om han tidlegare er omsett på sjøen. Fangst bringa

i land på Svalbard frå utanlandsk fartøy vert likevel ikkje omfatta. Dette følgjer av at Svalbard ikkje er omfatta av gjeldande råfiskforskrift § 2 nr. 1-6, jf. også svalbardlova § 2.

I perioden 15. mai 2006 til 30. april 2009 gjaldt det eit midlertidig unntak for fartøy frå ein medlemsstat i Den europeiske unionen som leverte fisk for transitt gjennom Noreg. EU og Noreg vurderer for tida om dette midlertidige unntaket skal vidareførast frå eit seinare tidspunkt. Vi vil derfor ikkje vurdere transittproblematikken nærare i dette høyringsnotatet.

Det avgjerande for om vi er innanfor verkeområdet til forbodet, er såleis kva for nasjonalitet fartøyet som fangstar har og/eller kvar fangsten vert bringa i land. Det er i og for seg ikkje avgjerande om omsetninga i første hand skjer på sjøen eller på land, jf § 1 sjettede ledd. Det er heller ikkje avgjerande om haustinga skjer i område som høyrer til norsk fiskerijurisdiksjon. Ein vil såleis kunne tenkje seg tilfelle der fangsten er innom norsk fartøy før han vert bringa i land, utan at ein er innanfor verkeområdet til forskrifta. Dette vil til dømes vere tilfelle om eit utanlandsk fartøy omset fangst på sjøen til eit norsk fartøy som bringar han i land i utlandet.

#### *Dei ansvarlege salslaga*

Forskrifta legg ansvaret for omsetning i første hand til seks ulike salslag. Norges Sildesalgslag har ansvar for all omsetning i første hand av dei pelagiske fiskeslaga slik dei er definert i forskrifta § 1 andre ledd, jf. § 2 nr. 6. Dei andre laga har ansvar for alle andre artar, og ansvaret mellom dei er fordelt etter kvar fisken er bringa i land, jf. § 2 nr. 1-5, eller kvar fartøyet er merkeregistrert dersom fangsten vert omsett på sjøen eller bringa i land i utlandet, jf. § 1 sjettede ledd. Norges Råfisklag har ansvaret for fisk bringa i land på kysten frå og med Finnmark til og med Nordmøre. Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag har ansvar for Sunnmøre og Romsdal, Vest-Norges Fiskesalgslag for Sogn og Fjordane og Hordaland, Rogaland Fiskesalgslag for Rogaland, og Skagerakfisk for kyststrekninga frå og med Vest-Agder til og med Østfold.

#### **Rettslege konsekvensar av at ein viltlevande marin ressurs er omfatta av omsetningsmonopolet**

Når det gjeld dei rettslege konsekvensane, følgjer fleire av desse direkte av råfisklova og råfiskforskrifta.

Hovudfølgja av at ein art er omfatta av råfiskforskrifta § 1 er at tilverknad, omsetning og utførsel er forbode utan at omsetninga i første hand skjer gjennom ansvarleg salslag. Vidare må omsetninga i første hand skje i medhald av forretningsreglane til det ansvarlege salslaget, som også kan pålegge ei avgift på omsetninga i første hand etter godkjenning av departementet, jf. lova §§ 3 og 4. Haustaren vil få rett, men ikkje plikt, til medlemskap i laget han omset gjennom, noko som følgjer av at departementet berre kan godkjenne dei salslaga som opnar for direkte eller indirekte medlemskap for alle som omset gjennom dei, jf. lova § 3 første ledd. Vidare vil kjøpar og seljar måtte

underleggje seg kontroll frå salslaga i medhald av lova, medan seljar (fiskar) vil måtte rette seg etter dirigeringar, reguleringar og inndraging som vert vedtekne av ansvarleg salslag i medhald av lova.

Det saklege verkeområdet til råfiskforskrifta får dessutan verknad for rekkevidda til anna regelverk. Forskrift 22. januar 2003 nr 57 om opplysningsplikt ved landing og omsetning av fisk (landings- og sluttsetelforskrifta) har i utgangspunktet eit vidare verkeområde enn någjeldande råfiskforskrift ved at ho mellom anna omfattar all fisk og pigghuder, jf. § 3. Likevel er det slik at opplysningsplikta ved omsetning, dvs. plikta til å skrive sluttsetel, berre gjeld artar som er omfatta av omsetningsmonopolet til salslaget, jf. § 3 tredje ledd. I praksis har dette medført at heller ikkje opplysningsplikta ved landing, dvs. plikta til å skrive landingssetel, har strekt seg lengre enn omsetningsmonopolet, og såleis ikkje omfatta annan fisk og pigghuder. På denne bakgrunn har det saklege verkeområdet til råfiskforskrifta direkte konsekvensar for rekkevidda av plikta til å skrive sluttsetel. Fiskeridirektoratet arbeider for tida med endringar i landings- og sluttsetelforskrifta. Forslaget er enno ikkje sendt på høyring.

Forvaltninga arbeider dessutan med forslag til nytt regelverk om registrering av kjøparar og mottakarar av fisk. Forslaget har allereie vert på høyring, jf. høyringsforslag 20. mars 2009 frå direktoratet. I høyringsforslaget er det lagt til grunn at det saklege verkeområdet skal samsvare med omsetningsmonopolet, jf. verkeområdeføresegna i § 1 i forslaget til ny forskrift om registrering som kjøpar og mottakar av fangst.

Vidare har det saklege verkeområdet til råfiskforskrifta verknad for kven som kan stå i fiskarmanntalet. I vår samanheng har det særleg interesse at oppføring i fiskarmanntalet er eit vilkår for å vere med i enkelte sosiale ordningar og trygdeordningar som gjeld særskild for fiskarar, forutan at manntalsføring er eit vilkår for å kunne nyte godt av refusjonsordninga for mineraloljeavgift, jf. forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 4-4-2. I tillegg er det eit krav om føring i manntalet for å delta i dei viktigaste fiskeria til kystfartøygruppa. Sidan alle desse fiskeslaga uansett er omfatta av omsetningsmonopolet har det mindre interesse i forhold til deltaking i kystfartøygruppa om det saklege verkeområdet til råfiskforskrifta vert utvida.

Forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn (manntalsforskrifta) krev ei viss inntekt frå fiske og fangst for å kunne stå i manntalet, jf. §§ 3 nr. 4 og 5 nr. 4. Departementet har i samband med at denne forskrifta vart vedteken, lagt til grunn at relevant inntekt i så måte skal vere avgrensa til inntekt som kjem frå hausting av artar som er omfatta av omsetningsmonopolet til salslaga. Såleis vil ei utviding av det saklege verkeområdet til omsetningsmonopolet kunne få konsekvensar for kven som er omfatta av dei ulike ordningane som er knytt opp mot manntalet, sjølv om det òg er mogleg å utvide verkeområdet til råfiskforskrifta, utan å utvide verkeområdet til fiskarmanntalet tilsvarande.

### **Sakleg verkeområde – behov for endringar**

Utgangspunktet for dette høyringsnotatet er at det er nødvendig å vurdere endringar i råfiskforskrifta som følgje av dei seinaste endringa i råfisklova som gjer Kongen kompetanse til å utvide verkeområdet til lova. Endringane i råfisklova vil ikkje ha nokon materiell verknad med mindre ein vurderer tilsvarande endringar i råfiskforskrifta.

Det er i denne samanheng naturleg å vurdere om verkeområdet til omsetningsmonopolet til salslaga bør ha same verkeområde som anna regelverk som vedkjem villfiskforvaltninga, og da særleg i høve til deltakarlova og havressurslova.

Verkeområdet for deltakarlova vart utvida samtidig med havressurslova og råfisklova, og ho gjeld nå for alle viltlevande marine ressursar. Endringa i deltakarlova inneber til dømes at det nå gjeld eit krav om ervervsløyve og merkeregistrering for all hausting av viltlevande ressursar med fartøy, jf. deltakarlova § 3, og ikkje berre for fiske og fangst som tidlegare. Til dømes gjeld heretter eit krav om ervervsløyve og merkeregistrering ved hausting frå fartøy av stortare, kråkeballar, sjøpølser og andre viltlevande marine ressursar som ikkje er omfatta av det meir tradisjonelle omgrepet "fiske og fangst". Deltakarlova gjeld dessutan for anadrome laksefiskar, i likhet med råfisklova, men i motsetnad til havressurslova kor dei eksplisitt er unnatekne.

Det vil også vere naturleg også å sjå hen til anna regelverk som gjeld forvaltning av viltlevande marine ressursar, men der det saklege verkeområdet ikkje er like omfattande som i nemnde lover. Dette gjeld til dømes den nye ordninga med fangstsertifikat som salslaga skal administrere, og som skal oppfylle krava i EU-forordninga av 29. september 2008 om tiltak mot UUU-fiske. Det gjeld vidare for ilandføringsplikta etter havressurslova § 15 der det saklege verkeområdet er definert i forskrift 22. desember 2004 nr. 1878 om utøvelse av fisket i sjøen (utøvingforskrifta), og det gjeld i forhold til opplysningsplikta ved landing og omsetning av fisk som er regulert i landings- og sluttsetelforskrifta.

### **Sakleg verkeområde – departementet si vurdering av moglege endringar**

I utgangspunktet synest det mest nærliggjande å utvide verkeområdet i råfiskforskrifta tilsvarande verkeområdet i råfisklova. Dette kan til dømes gjerast ved at ein føreteik ei såkalla spegelvending av verkeområdeføresegna i råfiskforskrifta slik at forskrifta vert gjeldande for alle viltlevande marine ressursar, med mindre dei eksplisitt er unnatekne.

Ei slik spegelvending vil medføre ei betre samanheng mellom råfiskforskrifta og verkeområdet til havressurslova og deltakarlova. Dette vil bidra til ytterlegare å styrke forvaltninga si tilgang til informasjon om hausting av alle typar viltlevande marine ressursar som er forvalta gjennom dei tre lovene, og vil vere eit bidrag til betre kartlegging og kontroll av alle artar med kommersiell verdi.

Spegelvending av forskrifta vil vidare medføre ei forenkling av regelverket ved at ein unngår at forskrifta inneheld ei liste over relevante artar. Forskrifta vert meir fleksibel ved at ein ikkje treng å gjere endringar kvar gang det kjem til ein ny art i norsk farvatn som det er aktuelt å hauste på, men som ikkje står på lista. Ei spegelvending vil i staden bidra til betre oversikt og kontroll over artar som tradisjonelt ikkje har vore gjenstand for fiske med norske fartøy eller ilandføring i Noreg.

Ei slik utviding av verkeområdet vil også vere positivt i forhold til implementeringa av EU-forordninga av 29. september 2008 om tiltak mot UUU-fiske, og da særleg i forhold til innføringa av ordninga med fangstsertifikat ved eksport til EU, der salslaga vil spele ei viktig rolle som utferdar av sertifikata. Det saklege verkeområdet til EU-forordninga er gjennom artikkel 2.8 knytt opp mot delar av tolltariffen og omfattar i praksis artar av fisk, krepsdyr og blautdyr som har kommersiell verdi i Europa. Det er i vedlegg 1 til forordninga gjort unntak for artar i ferskvatn og for oppdretta fisk mv.

Dette inneber at det saklege verkeområde til forordninga omfattar fleire fiskeslag enn omsetningsmonopolet til salslaga, noko som er eit argument for å utvide monopolet tilsvarande. Sjøpattedyr og enkelte andre grupper av viltlevande marine dyr, som pigghuder og nesledyr, er ikkje omfatta av ordninga med fangstsertifikat.

Ilandføringsplikta av fangst vart utvida som følge av innføringa av ny havressurslov. Rekkevidda av den nye ilandføringsplikta følgjer av utøvingsforskrifta §§ 1 og 48. Det vil vere ein klar fordel om artane som er omfatta av ilandføringsplikta også vert omfatta av salslagsmonopolet, slik at vi får eit betre system for mottak av slike artar. Ilandføringsplikta gjeld i utgangspunktet for alle artar av fisk, pigghuder, skaldyr (mellom anna krepsdyr) og blautdyr dersom fangsten er lovleg og levedyktig, jf. utøvingsforskrifta §§ 1 og 48, og gjeld vidare for nokre av desse artane dersom fangsten er død eller dødande. Ei spegelvending vil såleis bidra til samordning mellom omsetningsmonopolet og ilandføringsplikta når det gjeld andre artar av fisk og pigghuder.

Ei spegelvending vil også kunne få konsekvensar for rekkevidda av plikta til å skrive sluttsetel. Når det gjeld den nærare avgrensinga av det saklege verkeområdet til denne forskrifta viser vi til Fiskeridirektoratet sitt arbeid med ny landings- og sluttsetelforskrift som med tida vil verte sendt på høyring.

Det kan innvendast mot spegelvendinga og utvidinga av det saklege verkeområdet at det finst ei rekkje grupperingar av levande organismar som er omfatta av omgrepet viltlevande marine ressursar, men som det ikkje er noko klart behov for å innlemme i salslagssystemet, mellom anna kan dette gjelde for bakteriar, algar og enkelte grupper av marine dyr. Det er no ein gong slik at det er større behov for å kartleggje og kontrollere nokre artar enn andre. Vidare kan selartane tene som døme på ei gruppe med artar av kommersiell verdi der kartlegging og kontroll av uttak synest å fungere tilfredsstillande sjølv om omsetninga i første hand ikkje går gjennom salslaga.



Departementet kan likevel ikkje sjå det som problematisk at utgangspunktet vårt er at alle viltlevande marine ressursar skal vere omfatta med mindre det er klare haldepunkt for unntak. Dette vert underbygd av at det blant gruppene av organismar som ikkje er omfatta av råfiskforskrifta, opplysningsplikta osv. både finst artar av kommersiell verdi, til dømes stortare som er ein brunalge, og nesledyr som manet og sjøpølse, og artar som kan ha framtidig verdi. Det er heilt klart eit behov for å kartleggje uttaket av slike artar. Vi kan heller ikkje sjå at det inneber noka ulempe at omsetningsmonopolet gjeld for ukjende artar som ingen omset i praksis. Dersom nokon skulle ønskje å omsetje ein slik art, oppstår i prinsippet eit behov for kartlegging og kontroll av uttak. Ei slik tilnærming synest dessutan å vere mest i samsvar med dei forvaltningsprinsipp og grunnleggjande omsyn som er lovfesta i havressurslova § 7. Vi viser her særleg til forvaltningsprinsippet i første ledd og prinsippet om føre-var-tilnærming og behovet for effektiv kontroll med hausting og anna utnytting av ressursane i andre ledd bokstav a og c.

Departementet har vurdert særskild om det er behov for å gjere unntak for anadrome laksefiskar, som til dømes laks og aure. Desse artane er ikkje omfatta av råfiskforskrifta i dag, noko som dels har samanheng med at det dreier seg om artar der omsetninga av oppdrettsfisk er mykje større enn omsetninga av villfisk, og dels at dei ville artane i stor utstrekning vert fiska i ferskvatn. For desse artane har omsetninga utvikla seg noko uavhengig av salslagssystemet. Anadrome laksefiskar fell dessutan berre i liten grad inn under verkeområdet til anna villfiskregelverk. Til dømes gjeld ikkje havressurslova, utøvningsforskrifta (ilandføringsplikta) eller opplysningsplikta for anadrome laksefiskar. Derimot er både deltakerlova og råfisklova gjort gjeldande for desse artane. Vidare omfattar fangstsertifikatorordninga viltlevande anadrome laksefiskar som er hausta i sjøen, men ho omfattar ikkje oppdrettsfisk og fisk i ferskvatn.

Departementet har kome til at det av omsyn til gjennomføringa av fangstsertifikatorordninga er naudsynt at viltlevande anadrome laksefiskar vert omfatta av omsetningsmonopolet. På dette viset vil salslaga innanfor sine omsetningssystem kunne ferde ut fangstsertifikat for alle artar som EU krev slikt sertifikat for. Vi kan vidare ikkje sjå at dette vil skape nemnande problem for den relativt avgrensa omsetninga som finn stad i dag av viltlevande anadrome laksefiskar som er hausta i sjøen.

Departementet vil samtidig understreke at vi er opne for innspel frå høyringsinstansane når det gjeld behov for unntak for andre enkeltartar eller grupper av artar.

### **Nærare om ansvarsfordelinga mellom laga**

Den artsmessige ansvarsfordelinga mellom salslaga etter gjeldande forskrift er ordna slik at Norges Sildesalgslag er ansvarleg for alle pelagiske artar, medan dei andre laga har ansvar for resterande artar. Forskrifta definerer skiljet ved å liste opp artane som ligg til Sidelaget i § 1 andre ledd, og artane som ligg til dei andre laga i § 1 første ledd. I

tillegg gjer forskrifta Norges Sildesalgslag ansvar for andre fiskeartar som ikkje er matnyttige. For sild gjeld eit eige unntak som gjer Skagerakfisk ansvarleg for garnfanga og notfanga kystsild og fjordsild på 16,5 cm og meir dersom ho er bringa i land i deira område.

For departementet er det ei klar målsetting at forskrifta er uttømmende og eintydig i høve til kva for lag som er ansvarleg. Vi ser det derfor som naudsynt at forskrifta listar opp alle fiskeslag eller fiskegrupper som høyrer under Norges Sildesalgslag sitt ansvarsområde, i staden for upresist å vise til andre ikkje-matnyttige artar.

Som eit utgangspunkt meiner vi at Norges Sildesalgslag sitt ansvarsområde i dag bør vidareførast i størst mogleg grad. Dette inneber at ny forskrift må innehalde namn på dei fiskeslag og fiskegrupper som blir eller har vore omsett gjennom Norges Sildesalgslag, og i tillegg namn på artar som naturleg høyrer heime under Norges Sildesalgslag dersom dei i framtida vert hausta av norske fartøy og/eller bringa i land i Noreg. Vi foreslår på denne bakgrunn at artane ansjos, laksesild, lysprikkfiskar (*Myctophiformes*), sardin, sølvtorsk og villsvinfisk vert førde på lista i tillegg til dei som er nemnde i gjeldande forskrift.

Når det gjeld Skagerakfisk sitt ansvar for garnfanga og notfanga kystsild og fjordsild på 16,5 cm og meir i deira område, så kan det stillast spørsmål ved om det er behov for å vidareføre denne særregelen. Departementet har likevel inntrykk av at dei fiskarane som særregelen vedkjem, ønskjer at denne vert vidareført. Vi ser derfor ikkje grunn til å gjere framlegg om endringar her.

Vi foreslår vidare at forskrifta presiserer at Råfisklaget er ansvarleg salslag for kvitfisk osv. som er bringa i land på Jan Mayen, sjølv om det er upraktisk at fisk vert bringa i land her. Forslaget er ei følgd av at vi foreslår å ta inn ei føresegn i § 1 om at omsetningsmonopolet ("forbødet") omfattar all fisk bringa i land i Noreg utanom Svalbard, dvs. også fisk bringa i land på Jan Mayen.

Vi foreslår vidare å delegere til departementet kompetanse til å endre forskrifta når det gjeld ansvarsdelinga mellom laga. Dersom dei seks fiskesalslaga er samde seg i mellom om ei endra ansvarsdeling, vil departementet normalt ikkje ha innvendingar mot det. Vi meiner derfor at det bør vere enkelt å gjennomføre endringar om ansvarsdelinga.

Vi oppfordrar samtidig salslaga til å kome med synspunkt på ansvarsfordelinga dei i mellom.

## **Andre endringar**

### *Oppdrettsartar*

Det har tidlegare gjeldt eit omsetningsmonopol for oppdrettsfisk, mykje på same viset som for villfisk i dag. Dette monopolet er for lengst oppheva, og det er for tida ikkje aktuelt å gjeninnføre det.

Likevel inneheld råfiskforskrifta § 3 ei føresegn som etter sin ordlyd inneber at det gjeld eit omsetningsmonopol for oppdrettsfisk, men med ein heimel for departementet til å oppheve monopolet. I og med at monopolet i lang tid har vore oppheva, er ordlyden i sjølve forskrifta i praksis klart misvisande. Vidare er det slik at ei eventuell framtidig gjeninnføring av omsetningsmonopolet for oppdrettsfiskar, ikkje bør skje utan at departementet først sender saka på eiga høyring. Det synest derfor ikkje å vere sakleg behov for at forskrifta inneheld ei slik sovande føresegn.

Vi foreslår på denne bakgrunn at føresegna om at det gjeld eit omsetningsmonopol for oppdrettsfisk vert oppheva.

### *Dispensasjon frå omsetningsmonopolet*

Det følgjer av forskrifta § 4 at salslaga innanfor sitt ansvarsområde kan dispensere frå omsetningsmonopolet. Slik dispensasjon er ikkje mykje nytta i praksis. Eit døme på ein slik dispensasjon er Skagerakfisk sitt rundskriv 12/2005 der det er opna for at omsetning av krabbe til andre enn godkjende kjøparar kan skje utanom laget.

Departementet kan ikkje sjå at det er noko behov for at salslaga har ein slik heimel til å dispensere. Ei oppheving av føresegna vil stramme inn på dispensasjonspraksisen og medføre at forskrifta gir ei uttømmende oversikt over rekkevidda av omsetningsmonopolet. Vi foreslår derfor at dispensasjonsheimelen vert oppheva. Dette vil mellom anna innebære at krabbe må omsetjast som for anna kaisal.

### *Forholdet til fiskarmanntalet*

Det går ikkje direkte fram av manntalsforskrifta korleis det saklege verkeområdet skal avgrensast, men departementet har i sitt kommentarbrev 18. desember 2008 til forskrifta lagt til grunn at berre inntekt frå hausting av artar som er omfatta av omsetningsmonopolet til salslaga skal kunne danne grunnlag for opptak i manntalet. I kommentarbrevet heiter det at:

”Departementet har etter ei nærare vurdering kome til at berre inntekt frå fiske og fangst i tradisjonell forstand bør vere relevant i forhold til inntektskravet. Dette inneber at berre fiske og fangst av artar som er omfatta av omsetningsmonopolet til salslaga etter råfisklova vert rekna med. Det vil etter vår meining ikkje vere formålstenleg å leggje opp til betaling av produktavgift og omsetningsavgift for fangst som ikkje går gjennom salslag utan grundigare førehandsvurdering. Vi meiner at desse problemstillingane meir naturleg høyrer heime i ei vurdering av dei sosiale ordningane til fiskarane, eventuelt i samband med ei vurdering av det saklege verkeområdet til salslaga.”

Vi har tidlegare nemnd at ein av konsekvensane av å vere omfatta av manntalet er at ein kjem inn under sosiale ordningar og trygdeordningar som gjeld særskild for fiskarar og fangstmenn, og at manntalsføring er eit vilkår for å vere omfatta av refusjonsordninga for mineraloljeavgift. Eit forslag om å utvide det saklege verkeområdet til omsetningsmonopolet vil kunne få tilsvarende konsekvensar for nemnde ordningar.

Departementet er for så vidt open for at også haustarar av andre viltlevande marine ressursar bør vere omfatta dei særlege sosiale ordningane og trygdeordningane som gjeld for fiskarar, men meiner at ei slik utviding ikkje bør skje utan at ein først føretek ei grundigare gjennomgang av alle dei sosiale ordningane som kjem fiskarane ved. Slike endringar vil dessutan ha økonomiske og budsjettmessige implikasjonar som må vurderast i samband med budsjettprosessar.

Vi vil på denne bakgrunn ikkje foreslå ei tilsvarende utviding av verkeområdet for fiskarmanntalet. Dette inneber at inntekt frå taretråling og hausting av pigghuder og nesledyr, som til dømes kråkeboller og maneter, framleis ikkje vil danne grunnlag for opptak i manntalet. Departementet vil kome tilbake til dette i andre prosessar.

Vi vil likevel foreslå ei lita utviding ved at inntekt frå hausting av alle fiskeslag heretter vert rekna med i manntalssamanhang. Denne utvidinga vil berre omfatte dei fiskeslaga som ikkje allereie er nemnde i gjeldande råfiskforskrift § 1, og som må kunne seiast å ha relativt liten kommersiell verdi i Noreg. Dette inneber mellom anna at inntekt frå hausting av viltlevande anadrome laksefiskar i sjøen heretter vil kunne danne grunnlag for opptak i fiskarmanntalet. Departementet kan ikkje sjå at det gjer seg gjeldande sterke omsyn mot ei slik avgrensa utviding. Det ville dessutan ha vore upraktisk om manntalsforskrifta heretter skulle måtte vise til den elles oppheva avgrensinga mellom ulike fiskeslag i gamal råfiskforskrift. Det har no ein gong tradisjonelt vore slik at kvar gong ein har utvida råfiskforskrifta til å gjelde nye fiskeslag, har dette automatisk fått tilsvarende effekt for manntalet.

Når det gjeld spørsmålet om manntalsføring bør vere eit vilkår for refusjon av mineraloljeavgift, så vil dette verte vurdert i ein eigen prosess der fleire departement saman går gjennom refusjonsordninga i sin heilskap.

### **Økonomiske og administrative konsekvensar og konsekvensar for det samiske folket**

Høyringsforslaget vil innebere ei utviding av salslaga sine ansvarsområde ved at det saklege verkeområdet til omsetningsmonopolet vert utvida til nye artar. I første omgang vil det bety at omsetninga gjennom laga vil auke noko når det gjeld volum, og samtidig vil det stille krav både til organisering og til auka kompetanse hos laga. Dette vil i utgangspunktet kunne finansierast gjennom lagsavgifta som får tilsvarende utvida verkeområde slik at det ikkje utan vidare treng å oppstå eit behov for å auke lagsavgifta for eksisterande artar.

Forslaget inneber vidare at aktørar som haustar andre viltlevande ressursar enn dei som i dag er omfatta av omsetningsmonopolet, i utgangspunktet må betale ei avgift som tilsvarar ein liten del av fangstverdien. Samtidig vil desse aktørane kunne dra nytte av å verte omfatta av omsetningssystemet til salslaga.

I og med at vi ikkje foreslår at det utvida verkeområdet får verknad for dei ordningane som er knytt opp mot fiskarmanntalet, med unntak for enkelte fiskeslag av liten kommersiell verdi, vil forslaget i liten grad ha verknad for sosiale ordningar og trygdeordningar, og for refusjonsordninga for mineraloljeavgift.

Forslaget inneber at forvaltninga vil få betre informasjon frå salslaga om uttak og kontroll av andre viltlevande marine ressursar, og at det saklege verkeområdet til ulike regelverk om villfiskforvaltning vil verte samordna.

Vi kan ikkje sjå at forslaget har særlege konsekvensar for det samiske folket.

### **Kommentarar til dei enkelte paragrafane**

#### *Råfiskforskrifta § 1 Forbod mot tilverknad, omsetning og utførsel*

Første ledd inneheld forbodet mot tilverknad, omsetning og utførsel av alle viltlevande marine ressursar som ikkje er omsett gjennom eller med godkjenning av ansvarleg salslag. Det er dette forbodet som i realiteten medfører at salslaga har eit omsetningsmonopol.

Omgrepet "viltlevande" avgrensar naturleg mot ressursar i privat eige innanfor verksemdar som havbruk (oppdrettsfisk). Privateigde levande marine ressursar som vert renaturaliserte utanfor lokaliteten når retten til gjenfangst er opphøyrd, vert igjen rekna som viltlevande i sjøen og er omfatta av lova. Viltlevande peikar vidare på ressursane slik dei er i naturleg form etter naturleg evolusjon. Kultiverte og genmodifiserte organismar er i utgangspunktet ikkje omfatta med mindre dei er naturaliserte som delemne i det marine økosystemet. Fisk osv. skal ein forstå på same vis som i havressurslova. Dette inneber at alle marine organismar som er heimehøyrande i sjøen er omfatta, også algar og anna liv.

Omgrepet "marine" avgrensar mot landdyr og dyr som lever i vatn (akvatiske), og som heilt eller delvis held til i ferskvatn. Sjølv om ferskvassfisk også kan leve i område med brakkvatn, gjeld forskrifta heller ikkje for slik fisk sjølv om den er hausta i sjø eller brakkvatn. Forskrifta vil derimot i utgangspunktet gjelde for anadrome artar (som gyter i ferskvatn, men også lever i saltvatn) og katadrome artar (som gyter i saltvatn, men også lever i ferskvatn), som i eit livsløp naturleg har tilhald både i ferskvatn og saltvatn. Dette gjeld til dømes for anadrome laksefiskar som laks og aure, og for ål. Forbodet gjeld likevel ikkje når ressursen er hausta i ferskvatn med unntak for europeisk ål (*Anguilla anguilla*). Dette inneber til dømes at anadrome laksefiskar som er hausta i ferskvatn ikkje er omfatta av forbodet, medan anadrome laksefiskar som er hausta i sjøen er omfatta.

Omgrepet "marine" inneber vidare at sjøpattedyr vil vere omfatta av omsetningsmonopolet til salslaga. Såleis vil all sel og kval heretter måtte omsetjast gjennom eller med godkjenning av eit salslag, på same vis som småkval må det allereie i dag.

Forbodet gjeld delar, produkt og biprodukt av den viltlevande marine ressursen. Dette inneber til dømes at omsetning av rogn, lever og torskehovud er omfatta.

Det følgjer av *andre ledd første punktum* at forbodet gjeld all hausting frå norske fartøy same kvar haustinga er skjedd, og all hausting frå land i Noreg utanom Svalbard. Det er ikkje eit krav at fartøyet er merkeregistrert. Dersom fangsten er hausta frå norsk fartøy har det ikkje relevans kvar fangsten vert bringa i land, eller kvar omsetninga skjer, anten det er mellom fartøy på sjøen eller andre stader.

Det følgjer av *andre ledd andre punktum* at forbodet gjeld all fangst som vert bringa i land i Noreg utanom Svalbard. Det har i denne samanheng ikkje relevans om det er eit norsk eller utanlandsk, merkeregistrert eller ikkje-merkeregistrert fartøy som bringar fangsten i land. Det følgjer av same føresegn at tidlegare omsetning ikkje er til hinder for at forbodet gjeld, med mindre omsetninga da skjedde gjennom eller med godkjenning av ansvarleg salslag. Dette inneber til dømes at fangst som er omsett til sjøs frå eit utanlandsk fartøy til norsk eller utanlandsk fartøy, og der omsetninga ikkje er omfatta av omsetningsmonopolet, likevel må verte omsett gjennom salslaget dersom den på nytt vert omsett etter at den vert bringa i land i Noreg.

Det følgjer såleis av andre ledd at det ikkje har relevans om sjølve omsetninga, eller tilverknaden, skjer på sjøen eller på land. Det er vidare ikkje avgjerande kvar haustinga skjer, om det er innanfor norsk jurisdiksjon eller ikkje. Det avgjerande er nasjonaliteten på fangstaren og/eller kvar fangsten vert bringa i land.

Det følgjer av *tredje ledd* at forbodet ikkje gjeld sjølvtilverknad av fangst, men omsetning og utførsel av sjølvtilverka fangst og delar, produkt og biprodukt derav. Dette inneber at ressursar som er hausta viltlevande for deretter å verte gjenstand for akvakultur, til dømes ved levandelagring og fôring, må omsetjast gjennom ansvarleg salslag dersom omsetninga i første hand skjer etter levandelagringa. Dette gjeld uavhengig av om han som omset treng løyve etter akvakulturlova.

#### *Manntalsforskrifta §§ 3 nr. 4, 4 og 5 nr. 4*

Forslaget inneber at det kjem klarare fram av forskrifta kva for nokre viltlevande marine ressursar som er relevante i forhold til inntektskravet: Inntekt frå hausting av fisk, krepsdyr, blautdyr og småkval er nå relevant. Gjeldande forskrift viser berre til "fiske og fangst" utan å liste opp artar eller grupper av artar, men det kjem fram av forarbeida at berre inntekt av artar som er omfatta av omsetningsmonopolet skal reknast med.

## Forslag til ny forskrift:

### 1. Forskrift om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar

#### § 1. *Forbod mot tilverknad, omsetning og utførsel*

Det er forbode å tilverke, omsette eller utføre marine ressursar med heilt eller delvis tilhald i sjøen, som var viltlevande da dei vart hausta, dersom dei ikkje i første hand er omsett gjennom eller med godkjenning av det salslaget som er ansvarleg for omsetninga av den aktuelle organismen etter § 2, og som har fått sine vedtekter godkjende av departementet. Forbodet omfattar delar, produkt og biprodukt av viltlevande marine ressursar. Forbodet gjeld ikkje ressursar som er hausta i ferskvatn med unntak for europeisk ål (*Anguilla anguilla*).

Forbodet i første ledd gjeld ressursar som er hausta med norske fartøy, same kvar haustinga er skjedd, og ressursar som er hausta frå land i Noreg utanom Svalbard. Forbodet gjeld vidare all fangst bringa i land i Noreg utanom Svalbard frå norsk eller utanlandsk fartøy uavhengig av om fangsten tidlegare har vore omsett på sjøen, med mindre han allereie har vore omsett gjennom eller med godkjenning av det ansvarlege salslaget etter § 2.

Forbodet i første ledd omfattar ikkje tilverknad av eigen fangst, men omsetning og utførsel av slik sjølvtilverka fangst, og delar, produkt og biprodukt derav.

#### § 2. *Ansvarlege salslag*

Norges Sildesalgslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av ansjos (*Engraulus encrasicolus*), augepål (*Trisopterus esmarkii*), brisling (*Sprattus sprattus*), hestmakrell (*Trachurus trachurus*), kolmule (*Micromesistius poutassou*), laksesild (*Mauroliticus muelleri*), lodde (*Mallotus villosus*), lysprikkfiskar (*Myctophidae*), makrell (*Scomber scombrus*), polartorsk (*Boreogadus saida*), sardin (*Sardina pilchardus*), sild (*Clupea harengus*), straumsild (*Argentina sphyraena*), sølvtorsk (*Gadiculus argenteus*), tobis (*Ammodytes tobianus*) og annan sil (*Ammodytidae*), og villsvinfisk (*Capros aper*). Norges Sildesalgslag er likevel ikkje ansvarleg for omsetninga i første hand av sild (*Clupea harengus*) som etter sjette ledd andre punktum høyrer inn under ansvarsområdet til Skagerakfisk.

Norges Råfisklag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom han vert bringa i land i Nord-Noreg eller Trøndelag, eller på Nordmøre eller Jan Mayen, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom han vert bringa i land på Sunnmøre eller i Romsdal, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Vest-Norges Fiskesalslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom han vert bringa i land i Sogn og Fjordane eller Hordaland, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Rogaland Fiskesalgslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom han vert bringa i land i Rogaland, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Skagerakfisk er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom han vert bringa i land på Sørlandet eller Austlandet, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området. Skagerakfisk er dessutan ansvarleg for omsetninga i første hand av garnfanga og notfanga kystsild og fjordsild (*Clupea harengus*) som har ei lengd på minst 16,5 cm, og som er bringa i land på Sørlandet eller Austlandet.

For artar som er omfatta av andre til sjette ledd med unntak for sild (*Clupea harengus*), og som vert omsett utan at fangsten er bringa i land i eit område som er nemnd i andre til sjette ledd, er staden der det haustande fiskefartøyet er merkeregistrert, eller heimehøyrande dersom det ikkje er merkeregistrert, avgjerande for kva for eit salslag som er ansvarleg.

### **§ 3. Forbod mot fangst og innskrenkingar i fisket**

Det enkelte salslaget kan fastsetje forbod mot og innskrenkingar i hausting av artar som er omfatta av § 1, når haustinga skjer i fjerne farvatn eller med trål. Det enkelte salslaget kan gjere forbodet gjeldande for fangstar som skal leverast av fartøy som er merkeregistrerte i distriktet til salslaget.

### **§ 4. Fullmakt**

Departementet kan gjere endringar i denne forskrifta som gjeld unntak frå forbodet i § 1, eller som gjeld ansvarsfordelinga mellom salslaga etter § 2.

Departementet kan fastsetje forskrifter om samordning av verksemda i dei salslaga som er nemnde i § 2, når det gjeld avtak, produksjon, vidareomsetning mv.

### **§ 5. Straff**

Den som med vilje eller aktaust bryt føresegner som er fastsett i forskrifta her, vert straffa med bøter. På same vis vert medverknad og forsøk straffa, jf. råfisklova § 9.

### **§ 6. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft XXX. Frå same tid vert forskrift 29. juni 1990 nr. 485 om førstehandsomsetningen av råfisk oppheva.



## **2. Endringar i forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn**

§ 3 nr. 4 første punktum skal lyde:

4. Vedkomande har på årsbasis ei brutto inntekt frå fiske eller fangst av fisk, krepsdyr, blautdyr eller småkval som svarer til minst  $\frac{3}{4}$  av beløpet i lov 19. juni 1969 om merverdiavgift § 28 første ledd første punktum.

§ 4 første punktum skal lyde:

Det kan gjerast unntak frå vilkåra i § 3 nr. 4 – nr. 6 for personar som tek imot alderspensjon eller uførepensjon etter ein uføregrad på 60 % eller høgre, dersom dei har hatt fiske eller fangst av fisk, krepsdyr, blautdyr eller småkval som hovudyrke i fem av dei siste 20 åra før overgang til pensjon.

§ 5 nr. 4 første punktum skal lyde:

4. Vedkomande har på årsbasis ei brutto inntekt frå fiske eller fangst av fisk, krepsdyr, blautdyr eller småkval som svarer til minst to gonger beløpet i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 28 første ledd første punktum.

—

Vi ber om merknader frå høyringsinstansane innan 3. desember 2009.

Med helsing

Johán H. Williams  
ekspedisjonssjef

Vidar Landmark  
avdelingsdirektør